



NAUSTDAL KOMMUNE

RÅDMANNEN

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Sakshandsamar: Oddlaug Indrekvam dir tlf: 57 81 61 03
Vår ref. 01/08/52-3/K1-112

Dykkar ref:

Dato: 04.02.2008

HØYRINGSUTTALE - SØRHEIMSUTVALGET - INNTÉKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Viser til vedlagt utskrift frå Naustdal kommunestyre, sak 02/2008

Vi vil for ordens skuld opplyse at formannskapet sitt vedtak i saka er sendt departementet innan fristen 28.01.08.

Med helsing



Oddlaug Indrekvam
Avdelingsleiar

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
FORMANNSKAPET	24.01.2008	004/08	PKL
KOMMUNESTYRET	31.01.2008	002/08	PKL

Saksansv.: Per-Kristian Langlie	Arkiv: K1-112 Objekt:	Arkivsaknr 08/52
	Avgjerd av:	

SØRHEIMUTVALET - UTTALE

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

1. Framlegg frå Sørheimutvalet

Inntektssystemet si målsetting og verkemidlar

I mandatet til Sørheimutvalet har Regjeringen formulert den overordna målsettinga med inntektssystemet og omtalt systemet sitt verkemiddel for å oppnå målsetjingane slik:

Målsetting

”Inntektssystemet er et system for fordeling av den økonomiske rammen for dei frie inntektene på kommunar og fylkeskommunar slik at kommunene og fylkeskommunene blir satt i økonomisk stand til å gi innbyggerne et likeverdig tjenestetilbud uavhengig av hvor i landet man er bosatt.

I tillegg til å sikre innbyggerne grunnlag for et likeverdig tjenestetilbud skal inntektssystemet bidra til et bosettingsmønster slik at hele landet tas i bruk.”

Verkemidlar

”Et likeverdig tjenestetilbud skal oppnås gjennom inntekts- og utgiftsutjevningen, mens tilrettelegging for et ønsket bosettingsmønster skal oppnås gjennom dei regionalpolitiske verkemidlene.

Dei regionalpolitiske virkemidlene i dagens rammetilskudd består av Nord-Norge-tilskudd, regionaltilskudd og kompensasjonen for bortfall av differensiert arbeidsgiveravgift.

Det ordinære skjønnstilskuddet, dvs. skjønnstilskudd eksklusive kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgiveravgift, er et supplement til innbyggertilskuddet og skal bl.a. ivareta spesielle lokale forhold som ikke fanges opp av den kriteriebaserte utgiftsutjevningen. I tillegg benyttes skjønnstilskuddet til å fange opp uforutsette hendelser og til å finansiere utviklingsprosjekter.”

Nytt inntektssystem.

Prinsipielt inneber Sørheimsutvalet sine framlegg fleire endringar som vi meiner går i riktig retning, og som kommunane i Sogn og Fjordane kan støtte. Dette gjeld tilrådingane i høve skattedelen, selskapsskatten og delvis inntektsutjamninga. Naustdal kommune meiner at denne bør ha ein vesentleg større auke enn det som er tilrådd av utvalet. Det dramatiske for Naustdal kommune ved Sørheimutvalet si innstilling, er innrettinga på det nye distriktpolitiske tilskotet. Utvalet skriv sjølv at det nye inntektssystemet vil innebære ei omprioritering av ressursar frå kommunar med under 3000 innbyggjarar til kommunar mellom 3000 og 10 000 innbyggjarar. Dagens regionaltilskot har mykje å seie for kommunar under 3000 innbyggjarar. Dei fleste av desse små kommunane tåler ikkje ei ytterlegare forverring av inntektene, dersom tenestetilbodet til innbyggjarane skal vere likeverdig uavhengig av kvar ein bur i landet. Dei negative konsekvensane av Sørheimutvalet si innretning på det nye distriktpolitiske tilskotet vil ramme mange kommunar i Sogn og Fjordane. Dersom innstillinga vert vedteken, er det difor viktig at det er rikeleg med tilgjengelege skjønnsmidlar, slik at dette kan bøtast på. Likeeins lyt ein spørje om ikkje det er rimeleg at Sogn og Fjordane vert vurdert på lik line med Nord-Norge.

Sørheimutvalet har i samband med si vurdering av det Distriktpolitiske tilskotet i inntektssystemet uttalt:

"Flere kommuner som ikke mottar regionaltilskudd i dag vil motta det nye distriktstilskuddet. Dette gjelder kommuner i Sør-Norge, hvor de fleste har mellom 3 000 og 7 000 innbyggere, som har avstandsulemper og dårlige resultater med omsyn til sysselsetting, befolkningsutvikling og inntekt, det vil si lavere enn 35 på indeksen. Utvalget sitt forslag innebærer samtidig at enkelte små kommuner (mindre enn 3 200 innbyggere) i Sør-Norge som mottar regionaltilskudd i dag ikke vil motta det nye distriktstilskuddet."

Vidar er det grunn til å minne om at Sørheimsutvalet sitt framlegg må sjåast i samanheng med utforminga av utgiftsutjamninga, som departementet arbeider med.

Rådmannen vil her kort gå gjennom utvalet sine tilrådingar og gi korte kommentarar og tilrådingar:

Skattedel

Utvalet si tilråding:

Utvalet tilrår at skatteinntektene framleis skal utgjere rundt 50 % av kommunenes samla inntekter. I sin vurdering av skattedelen har omsynet til lokal forankring av inntektene og lokaldemokrati blitt tillagt stor vekt på bekostning av omsynet til fordeling, forutsigbarhet og stabiliseringspolitikk.

Vår kommentar og tilråding:

Ein høg skattedel fører til at kommunene følgjer med på og dreg nytte av økonomiske oppgangstider med ein generell auke i skatteinntektene slik vi for eksempel opplevde i 2006. På den andre sida er det tradisjon for at regjeringa ikkje vidarefører "ekstra skatteinntekter" i budsjettopplegget for det kommande året. Uventa høg skattevekst kan difor bare disponerast til eingongsutgifter.

Stor vekt på lokal forankring blir oppfatta slik at det skal være ein sterk kopling mellom dei som betaler skatten, lokal avgjerdstakar og brukarane av tenestene. Utvalet si vektlegging av lokal forankring betyr at innbyggjarane i kommunar med høge skatteinntekter skal oppleve eit betre tenestetilbod enn innbyggjarane i kommunar med låge skatteinntekter. I utgangspunktet kan dette virke som eit naturleg prinsipp, men fordi inntektssystemet handlar om finansiering av nasjonale velferdstenester som er grunnleggjande for folks levkår, er det frå eit likskapsperspektiv uheldig med ein høg skattedel isolert sett.

Dei siste åra har det vore sett på som riktig, for å balansere ulike omsyn, å halde skattedelen på opp mot 50 %. Utvalet tilrår at dette vert vidareført.

Tilråding:

Vi er samde i at skatteinntekter skal utgjere ein del av finansieringa av kommunesektoren. Men at skattedelen blir halden på same nivå som i dag, og ikkje vert auka, er viktig i høve til å tilretteleggje for eit likeverdig tenestetilbod. Dette fordi skattegrunnlaget varierer mykje mellom kommunane. Vi er difor samde i utvalet si innstilling på dette punktet.

Selskapsskatt

Utvalet si tilråding:

Utvalet sitt fleirtal tilrår at selskapsskatten blir avvikla som kommunal inntekt og at den andelen av skatten som selskapsskatten utgjer i dag, vert lagt på skatt frå personlege skattytarar. I si grunngjeving har ein lagt vekt på at det er stor variasjon i selskapsskatten mellom kommunane i tillegg til at selskapsskatten er lite stabil og dermed lite forutsigbar. Fleirtalet har heller ikkje fått dokumentert at selskapsskatten bidreg til auka insentiver til næringsutvikling.

Vår kommentar og tilråding:

Vi støtter fleirtalet si tilråding om å fjerne selskapsskatten som kommunal inntekt og kompensere dette ved å auke kommunenes del av skatt frå personlege skattytarar. Bustadkommunen har ansvar for å dekke etterspørselen etter velferdstenester. Det er då også naturleg at ein hentar skattedelen av finansieringa frå innbyggjarane, dvs. skatt på inntekt og formue.

Tilråding:

Det er positivt at selskapsskatten vert teken ut av inntektssystemet. Selskapsskatten er uforutsigbar og varierer sterkt frå år til år. Kommunane blir nekta innsyn i skattegrunnlaget. Selskapsskatten bidreg dessutan ikkje til å fremje interkommunalt samarbeid.

Inntektsutjamning

Utvalet si tilråding:

Utvalet sitt fleirtal meiner at sjølve utjamningsmodellen med ei symmetrisk utjamning i botnen og ein tilleggskompensasjon til kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet er oversiktleg samtidig som det blir teke særleg omsyn til kommunar med låge skatteinntekter. Fleirtalet meiner at inntektsutjamninga ikkje er tilstrekkeleg i forhold til å sikre kommunar med svakt inntektsgrunnlag nødvendige ressursar og tilrår å auke kompensasjonsgraden og trekkprosenten med 5 %-poeng frå 55 % til 60 % innanfor den symmetriske delen av utjamninga, medan tilleggskompensasjon og referansenivå for tilleggskompensasjonen vert oppretthalde på h.h.v. 35 % og 90 %.

Vår kommentar og tilråding:

Skatteinntektene varierer som nemnt mykje mellom kommunane, og ein skattedel på rundt 50 % krev større utjamning av skatteinntektene enn dagens modell. Sørheimutvalet har teke eit lite skritt i riktig retning ved å auke utjamningsgraden med 5 %-poeng, men det er langt frå nok til å sikre alle innbyggjarane i landet eit likeverdig nasjonalt velferdstilbod.

Med 75 % kompensasjonsgrad og trekkprosent innanfor den symmetriske delen og tilleggskompensasjon på 20 % for skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet bor alle i kommunar med høgare utjamna skatt enn 95 % av landsgjennomsnittet. 66,8 % av innbyggjarane bur i kommunar med mellom 95 % og 100 % av landsgjennomsnittet, 30,4 % bur i kommunar der skatteinntektsnivået er mellom 100 % og 110 %, mens 2,8 % bor i kommunar der skatteinntektene er over 110 % av landsgjennomsnittet.

Ein bør her vurdere om utjamningsgraden bør aukast til 75 % innanfor den symmetriske delen samt at det vert gitt ein tilleggskompensasjon på 20 % for skatteinntekter som er under 90 % av landsgjennomsnittet.

Tilråding:

For å oppnå målsetjinga om eit likeverdig tenestetilbod er det naudsynt med ei sterkare inntektsutjamning. Vi støttar innstillinga på dette punktet, men meiner det bør vere ein vesentleg større auke i inntektsutjamninga enn det som er tilrådd frå Sørheimutvalet.

Distriktpolitiske tilskott

Utvalet si tilråding:

Utvalet sitt fleirtal tilrår å samle dagens regionalpolitiske ordningar i inntektssystemet, dvs. Nord-Norgetilskuddet, regionaltilskottet og ein del av skjønnsrammen som blir fordelt på grunnlag av regionalpolitiske vurderingar i eitt nytt distriktpolitisk tilskott. Kriteriet for fordeling av det nye tilskottet blir kopla til det distriktpolitiske virkeområdet.

Vår kommentar og tilråding:

Naustdal kommune ser at dagens ordning har klare svake sider, men finn likevel ikkje å støtte Sørheimutvalet sitt framlegg til ny innretning av dette tilskottet. Utvalet sitt framlegg medfører at kommunar med inntil 3 000 innbyggjarar taper på endringa i dei regionalpolitiske tilskota, medan kommunar med mellom 3 000 og 10 000 innbyggjarar vil tene på utvalet sitt framlegg. Ein reiser spørsmål om kriteria som vert lagt til grunn for tildeling av det nye distrikstilskottet, tilseier at kommunar med innbyggjarar mellom 3 000 og 10 000 innbyggjarar - som vil motta tilskottet - har større behov for ein ekstrainsats enn dei kommunane som tek imot regionalpolitiske overføringar i dag, men som ikkje vil gjere det med utvalet sitt framlegg.

Økonomien til kommunar med under 3000 innbyggjarar vert ytterlegare svekka med det nye inntektssystemet, slik det er foreslått. Ein kan difor reise spørsmål om der er innbakt ein underliggjande strategi for å tvinge fram kommunesamanslåing. Dette vil kunne bli konsekvensen for Naustdal kommune dersom innstillinga frå utvalet vert vedteken i si noverande form.

Tilråding:

Det er viktig at inntektssystemet omfattar eit distriktspolitisk tilskot, slik at distriktskommunar med særskilde utfordringar med m.a. fråflytting og svakt skattegrunnlag kan ha det same handlingsrommet for samfunnsutvikling som andre kommunar, og det same høvet til å utvikle sitt tenestetilbod. Det er dette som må vere den viktigaste grunngevinga for eit slikt tilskot, og ikkje at det skal vere eit *betre* tenestetilbod i desse kommunane.

Naustdal kommune ser at dagens ordning har klare svake sider, men finn likevel ikkje å støtte Sørheimutvalet sitt framlegg til ny innretning av dette tilskottet. Utvalet sitt framlegg medfører at kommunar med inntil 3 000 innbyggjarar taper på endringa i dei regionalpolitiske tilskota, medan kommunar med mellom 3 000 og 10 000 innbyggjarar vil tene på utvalet sitt framlegg.

For Naustdal kommune kan konsekvensane bli kommunesamanslåing

Oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga.

Utvalet si tilråding:

Utvalet tilrår å oppretthalde oppdateringane av innbyggjartalet ved berekninga av inntektsutjamninga. Vekstkommunar får då rask kompensasjon for nye innbyggjarar.

Når det gjeld fordelingane av innbyggartilskottet og beregning av utgiftsbehov (utgiftsutjamninga) tilrår utvalet å endre telledato til 1. juli i året før budsjettåret.

Utvalet gjer vidare framlegg om at kommunar som har ein befolkningsauke som er høgare enn det doble av veksten på landsbasis i gjennomsnitt dei siste tre årene, og som har lågare skatteinntekter enn 140 % av landsgjennomsnittet i samme periode, får eit veksttilskott.

Tilskottet blir sett til 50.000 kr pr. nye innbyggjar utover vekstgrensa – altså utover det doble av landsgjennomsnittet.

Veksttilskottet blir finansiert ved å redusere skjønnsramma med eit like stort prosentvis trekk i fylka sine skjønnsrammer.

Vår kommentar og tilråding:

I dag vert det lagt oppdaterte folketal pr 01.01. i budsjettåret til grunn for inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga. Desse folketala for kvar kommune, fordelt på aldersgrupper, vil ikkje vere kjende før i juni i budsjettåret.

Å nytte oppdaterte folketal vil vere ei føremon for vekstkommunar, og kan medføre store utfordringar for fråflyttingskommunar som må tilpasse budsjettet midt i året. Som eit kompromiss mellom fleire omsyn har utvalet tilrådd å nytte oppdaterte folketal for inntektsutjamninga og folketal pr 01.07. året før budsjettåret for utgiftsutjamninga.

Det siste vil bidra til ein meir føreseieleg og handterbar situasjon for fråflyttingskommunar. Det er likevel peikt på at effekten av folketalet vil avhenge mykje av fordelinga av folketalet på aldersgrupper. Det er såleis ingen automatikk i at inntektene går ned sjølv om folketalet går ned, eller omvendt.

Vi støtter utvalet i at dei ser dei særlege utfordringane fråflyttingskommunar står overfor. Å gå bort frå å nytte oppdaterte innbyggjartal i utgiftsutjamninga (i staden folketal pr 01.07. året før), styrke inntektsutjamninga og forbetre overgangsordninga er tiltak som betrar situasjonen. Vi støttar og at det er særskilde tiltak for kommunar med ekstrem vekst.

Tilråding:

Naustdal kommune er einig i at ein opprettheld oppdateringane av innbyggjartalet ved berekninga av inntektsutjamninga. Vekstkommunar får då rask kompensasjon for nye innbyggjar.

Når det gjelder fordelingane av innbyggartilskottet og beregning av utgiftsbehov (utgiftsutjamninga) er ein einig i at ein endrar telledato til 1. juli i året før budsjettåret.

Skjønnsmidlar

Utvalet si tilråding:

Utvalet tilrår å redusere skjønnsramma ved å overføre midlar til det distriktpolitiske tilskottet, til veksttilskotet og at kompensasjon for endringane i inntektssystemet i perioden 2002 – 2006 legges til innbyggartilskotet. Skjønnsmidlane skal etter dette kompensere for spesielle lokale forhold som kostnadsnøkkelen ikkje tek omsyn til, ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret, bidra til utviklingsprosjekter, kompensere hyttekommunar som p.g.a. mange fritidsbustader har ekstraordinære utgifter og gi bistand til kommunar med økonomisk ubalanse.

Vår kommentar og tilråding:

Skjønstilskotet er meint å skulle ivareta ulike forhold som ikkje vert fanga tilstrekkeleg opp i inntektssystemet for øvrig. Vidare peiker utvalet på at tilskotet dels vert nytta til å ivareta regional- og distriktpolitiske omsyn og til å kompensere for endringar i inntektssystemet.

Utvalet har skjønsmessig definert ein del av dagens skjønstilskot som eit regionalpolitisk tilskot, og trekt denne summen ut av skjønnsramma. Vidare er den delen som er nytta til å kompensere for endringar i inntektssystemet trekt ut, og det er trekt ut ein del som skal finansiere det nye veksttilskotet.

Utvalet tek på eit prinsipielt grunnlag til orde for å halde skjønnsmidlane på eit lågt nivå. Vi meiner at størst mogleg del av midlane som blir fordelt gjennom inntektssystemet bør fordelast etter faste kriteria, men at ein reduksjonen i skjønnsmidlane er eit skritt i feil retning.

Tilråding:

Naustdal kommune er usamd med utvalet når det gjeld storleiken på skjønstilskotet. Det er vanskeleg å konstruere eit inntektssystem som tek omsyn til alle forhold som har verknad på inntektene og kostnadene. Ein bør difor vere varsam med å redusere storleiken på skjønsmidlane. Men dette må også vurderast i lys av departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga.

Overgangsordning

Utvalet si tilråding:

Utvalet tilrår at dagens overgangsordning blir erstatta av ein inntektsgarantiordning som skjermer kommunene mot endring i rammetilskottet som er 300 kr lågare regna pr. innbyggjar enn den generelle endringa i rammetilskottet på landsbasis. Inntektsgarantiordninga blir finansiert ved at det frå alle landets kommunar vert trekt eit like stort beløp regna pr. innbyggjar.

Vår kommentar og tilråding:

Overgangsordninga i dagens inntektssystem er slik at endringar i rammetilskotet som fylgje av innlemming av øyremerka tilskot, oppgåveendringar og systemendringar vert gjennomført gradvis over ein femårsperiode.

Utvalet peiker på desse svake sidene ved dagens ordning:

- Ordninga gir ikkje nok skjerming for kommunar som får stor inntektsreduksjon som fylgje av endringar i inntektssystemet. Det har dels vore behov for særskilte kompensasjonsordningar, som ein del av skjønstilskotet, for å bøte på dette.
- Ordninga omfattar ikkje endringar i kriterium i inntektssystemet, t.d. stor nedgang i folketal eller busettingskriterium, sjølv om dette kan medføre svært stor reduksjon i inntektene frå eitt år til eit anna.
- Ordninga vert opplevd som komplisert og uoversiktleg, fordi det vert akkumulert eit stort tal saker som vert lagt inn i overgangsordninga, med mange tillegg og trekk som dels motverkar kvarandre.

Ut frå dette tilrår utvalet ei ny ordning med ein inntektsgaranti. Garantien inneber at ingen kommunar skal få ein vekst pr innbyggjar frå eitt år til eit anna som er meir enn kr 300 pr innbyggjar lågare enn gjennomsnittleg vekst for kommunane på landsbasis. Det vert gjeve eit inntektsgarantitilskot for å sikre dette, og tilskotet vert finansiert ved eit likt trekk pr innbyggjar for alle kommunane.

Inntektsgarantien på 300 kr pr. innbyggjar inneber at Naustdal kommune med 2 699 innbyggjarar må ha ein buffer på 1,0 mill. kr.

Inntektsgarantitilskottet (INGAR)omfattar også endring i kriterieverdiane. Dette betyr at det vil ta lenger tid for kommunar som får ei auke i sitt utgiftsbehov, å få kompensasjon for dette. I dag får kommunane fullt gjennomslag for endring i kriterieverdiane frå det første året. Framlegg om endring frå Sørheim-utvalget gjev likevel eit betre sikkerheitsnett for kommunar som har store endringar i befolkningssammensetninga, og som p.g.a. dette får eit lågare berekna utgiftsbehov.

Utvalet meiner at INGAR er ein meir fleksibel overgangsordning enn dagens overgangsordning, blant anna fordi INGAR tek omsyn til relativ storleik på endringa. Dagens overgangsordning varer i 5 år uavhengig av storleiken på endringa. Tall år ein kommune kvalifiserer til Inntektsgarantitilskottet vil likevel vere avhengig av storleiken på endringa. Med INGAR vil små endringar kunne gjennomførast utan ein overgangsordning, mens store endringar vil kunne ta mange år..

Vi er einige i at ein må sikre seg mot store, uheldige utslag i inntektssystemet ved endringar, er det viktig med ei god overgangsordning. Naustdal kommune er likevel ein kommune som ikkje tåler store avvik.

Utvalet sitt framlegg inneber som tidlegare nemnt, at fleire kommunar som ikkje mottar regionaltilskudd i dag vil motta det nye tilskottet. Dette gjelder kommuner i Sør-Norge, kor dei fleste har mellom 3 000 og 7 000 innbyggjarar, som har avstandsulempar og dårlege resultatlar med omsyn til sysselsetting, befolkningsutvikling og inntekt. Utvalet sitt framlegg inneber samstundes at einskilte små kommunar (mindre enn 3 200 innbyggjarar) i Sør- Norge som mottar regionaltilskott i dag ikkje vil motta det nye distriktstilskottet.

Naustdal kommune vil alt i alt tape ca kr 1,7 mill på framlegget frå Sørheimsutvalet. Verknaden det fyrste året vert ein reduksjon på ca kr 248.000, på grunn av overgangsordninga. Det langsiktige tapet skuldast endringa i det distriktpolitiske tilskottet. Naustdal kommune har slik det er i dag så og seie ingen midlar til å initiere ny utvikling innan eksisterande eller nye næringar. I denne samanhengen er 248.000 mykje midlar. Overgangseffekten med ein 1. års effekt på 248.000,- blir vanskeleg å handtere for kommunen.

Tilråding

For å sikre seg mot store, uheldige utslag i inntektssystemet ved endringar, er det viktig med ei god overgangsordning. Framlegget om at ingen kommunar skal få redusert rammetilskottet med meir enn kr 300 pr innbyggjar i høve til gjennomsnittet frå eitt år til eit anna er positivt. Men for Naustdal kommune er dette likevel mykje midlar, og ein kan ikkje sjå koeis kommunen skal kunne handtere eventuelle negative avvik over fleire år. Overgangsordninga reiser fleire spørsmål som lyt besvarast: For det fyrste: Kor lenge vil overgangsordninga vare? Og kva når denne evt. er teken bort? Føreset ein då at dei små kommunane har slege seg saman med andre kommunar?

Saka vert lagt fram med slik

TILRÅDING:

Naustdal kommune viser til rapport om "Forslag til forbetring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimsutvalet), jfr brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Naustdal kommune legg vekt på hovudføremålet med inntektssystemet, som er å tilretteleggje for eit likeverdig tenestetilbod i alle delar av landet. I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling varierer sterkt.

Vi vil gje fylgjande uttale til dei ulike delane av framlegget:

Skattedel

Vi er samde i at skatteinntekter skal utgjere ein vesentleg del av del av inntektsystemet. Men at skattedelen blir halden på same nivå som i dag, og ikkje vert auka, er viktig i høve til å tilretteleggje for eit likeverdig tenestetilbod. Dette fordi skattegrunnlaget varierer mykje mellom kommunane. Vi er difor samde i utvalet si innstilling på dette punktet.

Selskapsskatt

Det er positivt at selskapsskatten vert teken ut av inntektssystemet. Selskapsskatten er uforutsigbar og varierer sterkt frå år til år. Kommunane blir nekta innsyn i skatte-grunnlaget. Selskapsskatten bidreg dessutan ikkje til å fremje interkommunalt samarbeid.

Inntektsutjamning

For å oppnå målsetjinga om eit likeverdig tenestetilbod er det naudsynt med ei sterkare inntektsutjamning. Vi støttar innstillinga på dette punktet, men meiner det bør vere ein vesentleg større auke i inntektsutjamninga enn det som er tilrådd frå Sørheimsutvalet.

Distriktpolitiske tilskott

Det er viktig at inntektssystemet omfattar eit distriktpolitisk tilskot, slik at distriktskommunar med særskilde utfordringar med m.a. fråflytting og svakt skattegrunnlag kan ha det same handlingsrommet for samfunnsutvikling som andre kommunar, og det same høvet til å utvikle sitt tenestetilbod. Det er dette som må vere den viktigaste grunngevinga for eit slikt tilskot, og ikkje at det skal vere eit *betre* tenestetilbod i desse kommunane.

Naustdal kommune ser at dagens ordning har klare svake sider, men finn likevel ikkje å støtte Sørheimutvalet sitt framlegg til ny innretning av dette tilskottet. Utvalet sitt framlegg medfører at kommunar med inntil 3 000 innbyggjarar taper på endringa i dei regionalpolitiske tilskota, medan kommunar med mellom 3 000 og 10 000 innbyggjarar vil tene på utvalet sit framlegg.

Med framlegget frå Sørheimutvalet er det vanskeleg å sjå at små kommunar med under 3000 innbyggjarar er liv laga i framtida. For Naustdal kommune kan konsekvensane på sikt verte at inntektsystemet vert ein viktig faktor som er med og tvinger fram kommunesamanslåing.

Oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga.

Naustdal kommune er eining i at ein opprettheld oppdateringane av innbyggjartalet ved berekninga av inntektsutjamninga. Vekstkommunar får då rask kompensasjon for nye innbyggjarar.

Når det gjelder fordelingane av innbyggartilskottet og beregning av utgiftsbehov (utgiftsutjamningen) er ein einig i at ein endrar telledato til 1. juli i året før budsjettåret.

Skjønnsmidlar

Naustdal kommune er usamd med utvalet når det gjeld storleiken på skjønstilskotet. Det er vanskeleg å konstruere eit inntektssystem som tek omsyn til alle forhold som påvirker inntektene og kostnadene. Ein bør difor vere varsam med å redusere storleiken på skjønsmidlane. Men dette må også vurderast i lys av departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga.

Overgangsordning

For å sikre seg mot store, uheldige utslag i inntektssystemet ved endringar, er det viktig med ei god overgangsordning. Framlegget om at ingen kommunar skal få redusert rammetilskotet med meir enn kr 300 pr innbyggjar i høve til gjennomsnittet frå eitt år til eit anna er positivt, men for Naustdal er sjølv dette eit stort beløp som over tid med fleire år med evt. Negative avvik kan verte dramatisk.

Naustdal kommune tek avstand frå endringar som omprioriterar ressursar slik at det i praksis ikkje lenger vert mogleg for små kommunar som vår å tenkje framtid. Ein stiller også spørsmål ved kor lenge ein har garantiar for at det finst ei overgangsordning.

Konklusjon:

Naustdal kommune kan ikkje støtte Sørheimutvalet si innstilling til nytt inntektssystem for kommunane, då det inneber ei ytterlegare svekking av økonomien til kommunen. Dette ligg i den klare premissen frå utvalet, då dei ønskjer å omprioritere ressursar frå kommunar under 3000 innbyggjarar til kommunar med mellom 3-10000 innbyggjarar.

Naustdal kommune vil alt i alt tape ca kr 1,7 mill på framlegget frå Sørheimsutvalet.

Verknaden det fyrste året vert ein reduksjon på ca kr 248.000, på grunn av overgangsordninga. Det langsiktige tapet skuldast endringa i det distriktpolitiske tilskotet.

Naustdal kommune har slik det er i dag så og seie ingen midlar til å initiere ny utvikling innan eksisterande eller nye næringar. I denne samanhengen er 248.000 mykje midlar.

Overgangseffekten med ein 1. års effekt på 248.000,- blir vanskeleg å handtere for kommunen. Dersom utvalet si innstilling vert vedteken, vil konsekvensen for Naustdal kommune i praksis kunne bli at kommunesamanslåing tvingar seg fram.

Dersom innstillinga vert vedteken, er det vesentleg for Naustdal kommune at

1. Overgangsordninga vert gjort permanent og innarbeidd i sjølv inntektssystemet
2. Skjønnsmidlane lyt vere tilgjengeleg på minst same nivå som i dag, slik at ein kan utjamne forskjellar i kommunene sine vilkår som inntektssystemet ikkje tek høgde for
3. Sogn og Fjordane bør vurderast meir på line med Nord-Norge. Kommunane i dei to landsdelane har mykje dei same utfordringane.

FORMANNSKAPET 24.01.08.

VEDTAK

Naustdal kommune viser til rapport om "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimsutvalet), jfr brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Naustdal kommune legg vekt på hovudføremålet med inntektssystemet, som er å tilretteleggje for eit likeverdig tenestetilbod i alle delar av landet. I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling varierer sterkt.

Vi vil gje fylgjande uttale til dei ulike delane av framlegget:

Skattedel

Vi er samde i at skatteinntekter skal utgjere ein vesentleg del av del av inntektsystemet. Men at skattedelen blir halden på same nivå som i dag, og ikkje vert auka, er viktig i høve til å tilretteleggje for eit likeverdig tenestetilbod. Dette fordi skattegrunnlaget varierer mykje mellom kommunane. Vi er difor samde i utvalet si innstilling på dette punktet.

Selskapsskatt

Det er positivt at selskapsskatten vert teken ut av inntektssystemet. Selskapsskatten er uforutsigbar og varierer sterkt frå år til år. Kommunane blir nekta innsyn i skattegrunnlaget. Selskapsskatten bidreg dessutan ikkje til å fremje interkommunalt samarbeid.

Inntektsutjamning

For å oppnå målsetjinga om eit likeverdig tenestetilbod er det naudsynt med ei sterkare inntektsutjamning. Vi støttar innstillinga på dette punktet, men meiner det bør vere ein vesentleg større auke i inntektsutjamninga enn det som er tilrådd frå Sørheimsutvalet.

Distriktpolitiske tilskott

Det er viktig at inntektssystemet omfattar eit distriktpolitisk tilskot, slik at distriktskommunar med særskilde utfordringar med m.a. fråflytting og svakt skattegrunnlag kan ha det same handlingsrommet for samfunnsutvikling som andre kommunar, og det same høvet til å utvikle sitt tenestetilbod. Det er dette som må vere den viktigaste grunngjevinga for eit slikt tilskot, og ikkje at det skal vere eit *betre* tenestetilbod i desse kommunane.

Naustdal kommune ser at dagens ordning har klare svake sider, men finn likevel ikkje å støtte Sørheimutvalet sitt framlegg til ny innretning av dette tilskottet. Utvalet sitt framlegg medfører at kommunar med inntil 3 000 innbyggjarar taper på endringa i dei regionalpolitiske tilskota, medan kommunar med mellom 3 000 og 10 000 innbyggjarar vil tene på utvalet sitt framlegg.

Med framlegget frå Sørheimutvalet er det vanskeleg å sjå at små kommunar med under 3000 innbyggjarar er liv laga i framtida. For Naustdal kommune kan konsekvensane på sikt verte at inntektssystemet vert ein viktig faktor som er med og tvinger fram kommunesamanslåing.

Oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga.

Naustdal kommune er eining i at ein opprettheld oppdateringane av innbyggjartalet ved berekninga av inntektsutjamninga. Vekstkommunar får då rask kompensasjon for nye innbyggjarar.

Når det gjelder fordelingane av innbyggartilskottet og beregning av utgiftsbehov (utgifts utjamningen) er ein enig i at ein endrar telledato til 1. juli i året før budsjettåret.

Skjønnsmidlar

Naustdal kommune er usamd med utvalet når det gjeld storleiken på skjønstilskottet. Det er vanskeleg å konstruere eit inntektssystem som tek omsyn til alle forhold som påvirker inntektene og kostnadene. Ein bør difor vere varsam med å redusere storleiken på skjønnsmidlane. Men dette må også vurderast i lys av departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga.

Overgangsordning

For å sikre seg mot store, uheldige utslag i inntektssystemet ved endringar, er det viktig med ei god overgangsordning. Framlegget om at ingen kommunar skal få redusert rammetilskottet med meir enn kr 300 pr innbyggjar i høve til gjennomsnittet frå eitt år til eit anna er positivt, men for Naustdal er sjølv dette eit stort beløp som over tid med fleire år med evt. Negative avvik kan verte dramatisk.

Naustdal kommune tek avstand frå endringar som omprioriterar ressursar slik at det i praksis ikkje lenger vert mogleg for små kommunar som vår å tenkje framtid. Ein stiller også spørsmål ved kor lenge ein har garantiar for at det finst ei overgangsordning.

Konklusjon:

Naustdal kommune kan ikkje støtte Sørheimutvalet si innstilling til nytt inntektssystem for kommunane, då det inneber ei ytterlegare svekking av økonomien til kommunen. Dette ligg i den klare premissen frå utvalet, då dei ønskjer å omprioritere ressursar frå kommunar under 3000 innbyggjarar til kommunar med mellom 3-10000 innbyggjarar. Naustdal kommune vil alt i alt tape ca kr 1,7 mill på framlegget frå Sørheimsutvalet. Verknaden det fyrste året vert ein reduksjon på ca kr 248.000, på grunn av overgangsordninga. Det langsiktige tapet skuldast endringa i det distriktpolitiske tilskottet.

Dersom innstillinga vert vedteken, er det vesentleg for Naustdal kommune at

1. Overgangsordninga vert gjort permanent og innarbeidd i sjølv inntektssystemet
2. Skjønnsmidlane lyt vere tilgjengeleg på minst same nivå som i dag, slik at ein kan utjamne forskjellar i kommunene sine vilkår som inntektssystemet ikkje tek høgde for
3. Sogn og Fjordane bør vurderast meir på line med Nord-Norge. Kommunane i dei to landsdelane har mykje dei same utfordringane.

Bortfall av regionaltilskottet må ikkje medføre at kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar taper på omlegging til eit distriktpolitisk tilskott.

SAKSORDFØRAR: Håkon Myrvang

31.01.2008 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå SV v/ Ole Erik Thingnes:

Stryke setning:

Naustdal kommune vil alt i alt tape ca. 1,7 mill på framlegget frå Sørheimsutvalet

AVRØYSTING:

Framlegget frå Ole Erik Thingnes fekk 1 røyst og fall.

Deretter vart formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Etter dette har Naustdal kommunestyre gjort fylgjande

VEDTAK:

Naustdal kommune viser til rapport om "Forslag til forbetring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimsutvalet), jfr brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Naustdal kommune legg vekt på hovudføremålet med inntektssystemet, som er å tilretteleggje for eit likeverdig tenestetilbod i alle delar av landet. I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling varierer sterkt.

Vi vil gje fylgjande uttale til dei ulike delane av framlegget:

Skattedel

Vi er samde i at skatteinntekter skal utgjere ein vesentleg del av del av inntektsystemet. Men at skattedelen blir halden på same nivå som i dag, og ikkje vert auka, er viktig i høve til å tilretteleggje for eit likeverdig tenestetilbod. Dette fordi skattegrunnlaget varierer mykje mellom kommunane. Vi er difor samde i utvalet si innstilling på dette punktet.

Selskapsskatt

Det er positivt at selskapsskatten vert teken ut av inntektssystemet. Selskapsskatten er uforutsigbar og varierer sterkt frå år til år. Kommunane blir nekta innsyn i skattegrunnlaget. Selskapsskatten bidreg dessutan ikkje til å fremje interkommunalt samarbeid.

Inntektsutjamning

For å oppnå målsetjinga om eit likeverdig tenestetilbod er det naudsynt med ei sterkare inntektsutjamning. Vi støttar innstillinga på dette punktet, men meiner det bør vere ein vesentleg større auke i inntektsutjamninga enn det som er tilrådd frå Sørheimsutvalet.

Distriktpolitiske tilskott

Det er viktig at inntektssystemet omfattar eit distriktpolitisk tilskot, slik at distriktskommunar med særskilde utfordringar med m.a. fråflytting og svakt skattegrunnlag kan ha det same handlingsrommet for samfunnsutvikling som andre kommunar, og det same høvet til å utvikle sitt tenestetilbod. Det er dette som må vere den viktigaste grunngevinga for eit slikt tilskot, og ikkje at det skal vere eit *betre* tenestetilbod i desse kommunane.

Naustdal kommune ser at dagens ordning har klare svake sider, men finn likevel ikkje å støtte Sørheimutvalet sitt framlegg til ny innretning av dette tilskottet. Utvalet sitt framlegg medfører at kommunar med inntil 3 000 innbyggjarar taper på endringa i dei regionalpolitiske tilskota, medan kommunar med mellom 3 000 og 10 000 innbyggjarar vil tene på utvalet sitt framlegg.

Med framlegget frå Sørheimutvalet er det vanskeleg å sjå at små kommunar med under 3000 innbyggjarar er liv laga i framtida. For Naustdal kommune kan konsekvensane på sikt verte at inntektssystemet vert ein viktig faktor som er med og tvinger fram kommunesamanslåing.

Oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga.

Naustdal kommune er eining i at ein opprettheld oppdateringane av innbyggjartalet ved berekninga av inntektsutjamninga. Vekstkommunar får då rask kompensasjon for nye innbyggjarar.

Når det gjelder fordelingane av innbyggartilskottet og beregning av utgiftsbehov (utgiftsutjamningen) er ein einig i at ein endrar telledato til 1. juli i året før budsjettåret.

Skjønnsmidlar

Naustdal kommune er usamd med utvalet når det gjeld storleiken på skjønstilskotet. Det er vanskeleg å konstruere eit inntektssystem som tek omsyn til alle forhold som påvirker inntektene og kostnadene. Ein bør difor vere varsam med å redusere storleiken på skjønnsmidlane. Men dette må også vurderast i lys av departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga.

Overgangsordning

For å sikre seg mot store, uheldige utslag i inntektssystemet ved endringar, er det viktig med ei god overgangsordning. Framlegget om at ingen kommunar skal få redusert rammetilskotet med meir enn kr 300 pr innbyggjar i høve til gjennomsnittet frå eitt år til eit anna er positivt, men for Naustdal er sjølv dette eit stort beløp som over tid med fleire år med evt. Negative avvik kan verte dramatisk.

Naustdal kommune tek avstand frå endringar som omprioriterar ressursar slik at det i praksis ikkje lenger vert mogleg for små kommunar som vår å tenkje framtid. Ein stiller også spørsmål ved kor lenge ein har garantiar for at det finst ei overgangsordning.

Konklusjon:

Naustdal kommune kan ikkje støtte Sørheimutvalet si innstilling til nytt inntektssystem for kommunane, då det inneber ei ytterlegare svekking av økonomien til kommunen. Dette ligg i den klare premissen frå utvalet, då dei ønskjer å omprioritere ressursar frå kommunar under 3000 innbyggjarar til kommunar med mellom 3-10000 innbyggjarar. Naustdal kommune vil alt i alt tape ca kr 1,7 mill på framlegget frå Sørheimsutvalet. Verknaden det fyrste året vert ein reduksjon på ca kr 248.000, på grunn av overgangsordninga. Det langsiktige tapet skuldast endringa i det distriktpolitiske tilskotet.

Dersom innstillinga vert vedteken, er det vesentleg for Naustdal kommune at

4. Overgangsordninga vert gjort permanent og innarbeidd i sjølve inntektssystemet
5. Skjønnsmidlane lyt vere tilgjengeleg på minst same nivå som i dag, slik at ein kan utjamne forskjellar i kommunene sine vilkår som inntektssystemet ikkje tek høgde for
6. Sogn og Fjordane bør vurderast meir på line med Nord-Norge. Kommunane i dei to landsdelane har mykje dei same utfordringane.

Bortfall av regionaltilskotet må ikkje medføre at kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar taper på omlegging til eit distriktpolitisk tilskot.